

Lise Olsmo Oen
Hylsengane 4
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/17469 - 20/76700

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
01.12.2020

Løyve til utslepp av avløpsvatn - Slamavskiller - gbnr 245/9 Kvamme (Ostereidet)

Administrativt vedtak: **Saknr: 1299/20**

Byggstad: Gbnr: 245/9
Tiltakshavar: Lise Olsmo Oen
Ansvarleg søkjær: Hjelmås Vvs AS
Type utslepp: Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50pe
Søknadstype: Forureningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

VEDTAK

Med heimel i forureningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5/§ 13-5 vert det gjeve utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr. 249/9 Kvamme på følgjande vilkår:

1. Det skal monterast tilstrekkeleg dimensjonert typegodkjent slamavskiljar. Restutsleppet frå slamavskiljaren skal førast i tett leidning til sjø som omsøkt og vist på kart.
2. Utsleppet frå eideomen vert gitt for 5 pe.
3. Slamavskiljaren må plasserast slik at avstand til plass med mogelegheit for parkering av tømmebil vere maksimum 100 meter, og botnen av anlegget må då ikkje leggjast lågare enn at løftehøgda til tømmebil (ikkje overstig 8 meter).
4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensning av forurensing, §§ 12-7 til 12-13.
5. Eideomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
6. Tiltaket er søknadspliktig etter Plan- og bygningslova. Søknad om løyve til tiltak må sendast inn av kvalifisert føretak og godkjennast før arbeidet kan setjast i gang.
7. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for avløpsanlegget må det ligge føre stadfesting frå montør, og koordinatar for plassering av anlegget.

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for fritidsbustad på gnr. 245/9 Kvamme.

I søknaden er det opplyst at utsleppet fra eideommen skal reinsast i slamavskiljar før utsleppet vert ført vidare i tett utsleppsleidning som går ut i sjø. Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 27.10.2020.

Planstatus

Eideomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-område.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2/§ 13-4 nr. 2. Det ligg føre slik merknader frå eigar av gnr. 245 bnr. 19 ved brev av 12.08.2020:

«Eiger av Gnr. 245 Bnr. 9 Lise Olsmo Oen har sendt nabovarsel der det fremgår at del av utbyggingsplaner tar sikte på å føre avløp fra slamavskiller ut i sjøen utenfor min eiendom. Dette sjøområdet bruker vi flittig til bading og fiske med garn og teiner. Derfor er det viktig for oss at dette utslippet blir plassert lengst mulig fra min eiendom. Jeg ber om a bli orientert om kommunens vedtak i denne saken.»

Tiltakshavar har kommentert nabomerknad i søknad datert 26.10.2020. Tiltakshavar opplyser at: «Naboene er varslet at ledning i sjø blir lagt min. 50 meter fra land. Kommentar fra nabo tas til følge. Ledning monteres med avrundet lodd til min. 15 meter dybde og min. 80 meter fra land.»

Uttale frå anna styresmakt

Det ligg føre følgjande vedtak datert 21.10.2020 frå Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS:

Vedtak

Med hjemmel i havne- og farvannsloven § 14 første ledd har BF IKS fattet følgende vedtak: *Det gis tillatelse til utlegging av en avløpsledning på ca. 80 lengdemeter i sjø på gnr. 245 bnr. 9, i Alver kommune, med mål og plassering som vist av inntegning i vedlagt kartutsnitt, som er godkjent av BF IKS. Tiltaket eller bruken av dette må ikke hindre tilfritt til eller annen utnyttelse av naboeiendommer. Tillatelsen forutsetter at tiltaket blir utført etter de krav som Fiskeridirektoratet stiller i sin uttale av 29.09.2020.*

Det presiseres at saken er behandlet utelukkende under hensyn til reglene i havne- og farvannsloven, og ikke annet regelverk. Hensynet til naboeiendommer er ikke vurdert da dette reguleres av plan- og bygningsloven som forvaltes av kommunen. Det er søkerens ansvar å avklare om tiltaket er søknadspliktig etter andre regelverk. Det kan for eksempel kreves tillatelse til tiltaket etter plan- og bygningsloven, forurensingsloven, kulturminneloven etc. Dette må søker selv avklare med vedkommende myndighet.

Søker er selv ansvarlig for å innhente nødvendig samtykke fra grunneiere og andre rettighetshavere. Privatrettslige tvister mellom partene avgjøres enten gjennom avtale eller på andre måter, for eksempel av domstolene.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart 31.07.2020. (Godkjent av Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS 19.10.2020.)

Reinseløysing

Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført vidare i tett leidning til sjø. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

Drift og vedlikehald

Eigedomen skal inngå i kommunal slamtømmeordning.

Forskrifta gjeld for heile kommunen med unntak av

Veglause grender og øyar og eigedomar som elles ikkje er tilknytt offentleg vegnett

Eigedomar der tömmetanken ligg lengre enn 100 meter frå køyrbar bilveg

Eigedomar der tömmetanken ligg lågare enn 8 meter frå køyrbar bilveg.

Kap.12

Slamavskiljarar knytt til heilårsbustadar eller fritidsbustadar skal tömmast heilt for slam etter behov, og ikkje sjeldnare enn kvart 2. år for heilårsbustadar og kvart 4. år for fritidsbustadar, jf. forureiningsforskrifta § 12-13.

Privatrettslege tilhøve

Avløpsanlegget er plassert på eigen eigedom. Utsleppsleidningen er lagt på eigen eigedom fram til utsleppstad i sjø.

VURDERING

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Søknad om utsleppsløye kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik han ligg føre med utslepp via slamavskiljar til sjø. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

Nabomerknad

Eigar av naboeigedom gbnr. 245/19 har i nabomerknad opplyst at sjøområdet vert nytta til fiske og bading. Tiltakshavar har endra søknaden sin slik at leidning no vert ført ut i 80 meters lengde og avslutta på 15 meter djup.

Det er kommunens vurdering at tiltakshavar sin tilpassing av tiltaket medfører at nabo sine merknadar er tilstrekkeleg ivaretatt. Ved utlegging i 80 meter lengde og til 15 meters djup i Hindenesfjorden vil ikkje dette medføre noko ulempe for nabo. Alver kommune godkjenner denne reviderte løysinga.

Plassering

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med kart datert 31.07.2020.

Godkjenning etter andre lovverk

Etablering av avlaupsanlegget krev løyve etter plan- og bygningslova kap. 20.

Søknad om løyve til etablering av avløpsanlegg etter plan- og bygningslova vert handsama i eige vedtak i saksnr. 20/13697.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller saerskilt klagenemnd, jf. forurensningsloven § 85 2.ledd og

forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker fra melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnefør løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablera utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si ytинг/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekka kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/17469

Med vennleg helsing
Alver kommune

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Britt Erstad

Måseskjærveien 5035

BERGEN

8

Torvhusmyrane 2 5913

EIKANGERVÅG

Hjelmås Vvs AS

Mottakarar:

Lise Olsmo Oen

Hylsengane 4 6863

LEIKANGER